

# NORTURAVEGGEN-25

Utsmykking av fasade på Nortura-fabrikken i Sogndal.

Eit prosjekt om auka medvit om inkludering, mangfald, toleranse og stedsidentitet. Måleriet er nummer to i rekka på veggen.





# PROSJEKTET

KUNSTBYGDA BALESTRAND AS

**PROSJEKTLEIAR**  
Kunstbygda Balestrans AS

**INITIATIVTAKAR**  
Kunstbygda Balestrans AS og Sogndal Kommune

**SPONSORAR:**  
Sparebanken Norge  
Sogndal Jubileumsfond  
Christine Leigh legat\*  
Fargerike Sogndal  
Pilar Stillas AS  
Nortura

\*Tilskotet er overført til finansiering av prosjektet i 2026

**I SAMARBEID MED:**  
Kunstrådet i Sogndal, Sogndal VGS,  
Ungdomsklubben Balestrand, Nortura Sogndal

**FORMÅL OG MÅLSETJING**  
Vidareføre og vidareutvikle kunst ved Norturaveggen som ein årleg tradisjon med fokus på mangfald, inkludering og stedsidentitet.

Utsmykking med fokus på tematikken, heller enn å vere direkte knytt til historia om Arve Beheim Karlsen - sjølv om dette er eit viktig bakteppe.

Styrkje stedsidentitet og bidra til eit meir ope og medvite lokalsamfunn i møtet mellom kunst og folk.

Inkludering av lokal ungdom.

**MÅLGRUPPE**  
Ungdom i regionen, lokalbefolkninga, besøkande

**OMFANG OG LEVERANSE**  
- Veggmåleri på 4x8 meter på fasaden av Nortura-bygget i Sogndal, to panel bortafor fjorårets verk.

- Samtalar med ungdom for å få innspill til utformingen av kunstverket

- Workshop med silketrykk for elevar ved Sogndal vidaregåande skule, uke 45

- Dokumentasjon av prosessen (bilete, tekst, rapport)

- Monteirng av lys på både årets og fjorårets veggmåleri for å sikre at dei er synlege gjennom heile året.

**TIDSROM FOR GJENNOMFØRING**  
Prosjektetperidoe: februar - desember 2025  
Utlysing: februar 2025  
Utval av kusntnar: april 2025  
Måling av veggmåleri: 20-23. juni 2025  
Ungdomsaktivitet: 5. november 2025

**KUNSTNAR**  
Anette Moi

**RAMMEVILKÅR**  
Prosjektet er basert på tilgjengelege midlar frå sponsor og samarbeidspartnarar, og har blitt gjennomført innafor dei gitte budsjetttrammene.

**KUNSTBYGDA BALESTRAND AS**  
  
Kunstbyda Balestrand AS er eit selskap med hovudføre mål å styrke Balestrand og Sogn sin posisjon som ei levande kunststad no og i fremtida. Selksapet er non-profit og skal bidra til at kunst og andre kulturuttrykk blir ein viktig

# PROSESS

I 2025 VIDAREFØRER KUNSTBYGDA BALESTRAND AS KUNSTPROSJEKTET VED NORTURA I SOGNDAL, MED FOKUS PÅ MANGFALD, INKLUDERING OG STEDSIDENTITET. PROSJEKTET BYGGJER PÅ FJORÅRETS 25-ÅRS MARKERING AV DØDSFALLET TIL ARVE BEHEIM KARLSEN OG ØNSKJER Å INSPIRERE LOKAL UNGDOM TIL REFLEKSJON GJENNOM KUNST I OFFENTLEG ROM.



## INITIATIV

Initiativet til Norturaveggen 2025 kjem frå Kunstbygda Balestrand AS, i tett dialog med Sogndal kommune. Prosjektet byggjer på fjorårets markering, og ønskjer å vidareføre og vidareutvikle kunst ved Nortura som ein årleg tradisjon med fokus på mangfald, inkludering og lokal forankring.

Sogndal kommunes tjenestekjøp har gjorde det mulig for Kunstbygda Balestrand å sette igang prosjektet med utlysning av oppdraget til kunstnarar og søknader for midler til å gjennomføre.

## PLANLEGGJING

Oppdratet vert utlyst og det kom inn tre skisseforslag. Det viste seg i etterkant at xx ikke hadde videresent utlysningen ved ein feil. Vi håpar derfor på fleire søknadar neste år. Anette Moi vert vald av Kunstrådet i Sogndal.

I samarbeid med Sogndal vgs. vart årets kunstneriske innslag i mangfold uka 40 planlagt.

## GJENNOMFØRING NORTURAVEGGEN

I veke 25 vart veggen klargjord og vaska av vaktmester på Norturafabrikken.

Anette Moi med assistent starta med skissering og måling av måleriet fredag 20. Juni og fullførte i løpet av helgen. Det var avduking torsdag 25.juni 2025.

Veggmaleriet er 4 x 8 meter og portretterer 16 forskjellige karakterer inspirert av tilbakemeldinger frå ungdom i regionen. Figurane står tett i tett, noko som understrekar fellesskap og samhald, men også mangfald innanfor det same rommet. Måleriet vart gjennomført med betongmaling rett på veggen. Stillas bei brukt for å få tilgang på veggen.

## INNVOLVERING AV LOKAL UNGDOM

I veke 21 hadde Kunstbygda Balestrand AS samtaler med ungdom på Ungdomsklubben i Balestrand og på Sogndal vgs. Ungdommane kom med inspill til kven som bor i Sogndal og regionen samt snakka om korleis samfunn vi ønskjer.

I veke 40 vart det sett opp ein stasjon for silketrykk ved Sogndal vidaregåande skule. Elevane fekk trykke på tekstilar, og motivet som vart brukt var den «frie guten» frå veggmaleriet. Føremålet var å skape kjensle av tilhøyr gjennom klede, og å knyte bodskapen til minnestaden ved Nortura.



# RESULTAT

## ØKONOMI:

KOSTNAD 2025: **344 790**  
OVERSKUDD: **50 210\***

### REKNESKAP 2025:

Se eget vedlegg med spesifikasjon

### ERFARING FRÅ BUDSJETT 2025:

VI LIGGJER GODT INNANFOR DEI ØKONOMISKE RAMMANE  
SOM ER SATT TIL PROSJEKTET.

**\*50.000 KRONER FRÅ CHRISTINE LEIGH LEGAT VIL  
OVERFØRES TIL NESTE ÅRS PROSJEKT.**

### TILBAKEMELDING OG MEDIEDEKNING

Kunstnaren fekk fleiere positive tilbakemeldingar  
under arbeidet av forbipasserande.

Innbyggjarane i Sogndal har teke imot den andre  
utsmykkinga av Nortura-veggen med stor  
begeistring.

Prosjektet fekk god omtale i Sogn Avis, og i  
etterkant har Christine Leigh-stiftinga tok kontakt  
dagen etter avdukinga med ønskje om å bidra  
også neste år.

### FYSISK RESULTAT

Veggmåleri 4x8 meter på Norturaveggen

Silketrykk

Belysning av verka på Norturaveggen

Bilderammer med kunstnerskissene til å

henge opp på Sogndal vgs



### INNVOLVERT UNGDOM

Elevar ved Sogndal: 100 +

Elevar ved Balestrand: 15 +

### INVOLVERTE LÆRARAR:

Hedda Bulie Haanæs og Per Ivar Lomheim





# TAKK TIL

**TUSEN TAKK TIL SPONSORAR,  
SAMARBEIDSPARTNARAR OG DELTAKARAR SOM  
HAR GJORT DETTE MOGLEG!**

Prosjektet har fått svært gode tilbakemeldingar, og vi håpar på å få vidareført i 2026. Dette blir sett på som eit positivt tiltak for Sogndal, og ein fin måte å få vist frem kunst for alle.

*“STAO NO PAO!”*  
- Begeistra forbipasserande



# KONTAKT

DALEG LEIAR  
PROSJEKTLEIAR

Silje Forbes  
Helle Rabbås

E-POST  
TLF.

post@kunstbygda.no  
+47 48094585

NETTSIDE

Kunstbygda.no

